



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 11.04.2019

Vår ref: 19/00401-7

Dykkar ref:

Notat: Framtidig kyrkjebygging på Frekhaug i Alver kommune

Meland sokn og Meland kommune arbeider med eit framlegg til ein intensjonsavtale om kyrkjebygging på Frekhaug. Avtalen skal følgje med inn i nye Alver kommune, som vert ein realitet frå 01.01.2020.

Bakgrunn

I 1991 tilrådde biskop Lønning at det måtte byggast ei ny kyrkje på Frekhaug. I 1993 sette kommunestyret ned ei prosjektgruppe saman med soknerådet for å finne tomteareal til kyrkje nr 2 i Meland og soknerådet tilrådde for første gong tomte mellom Frekhaug senter, gangvegen mot Mjåtveit og Holtermandsvegen (seinare omtalt som sentrumsareal/sentrumstomt) i 1999. I 2003 slo soknerådet fast at kyrkje nr 2 måtte kome på Frekhaug, etter å ha vurdert andre alternativ nøye.

Sidan dette har kommunen gjort følgjande

- kome med ulike uformelle framlegg om kyrkjetomter (Langeland, Meieritomta og sentrumsarealet Langelandskogen/Frekhaug nord)
- hatt ny kyrkje med i dei fleste økonomiplaner frå 2006-2018
- arbeidd med reguleringsplan for Frekhaug sentrum, der arbeidskyrkja skulle bli plassert
- gjort forsøk på å kjøpe ut ei tomt
- oppmoda kyrkja om å jobbe med ein kyrkje/kulturmodell, som kommunestyret til slutt i 2017 stemte ned.
- vedteke (desember 2018) at det skal forhandlast om ein intensjonsavtale om bygging. Det vart også i same møte sett av 5 millionar til kjøp av sentrumsareal.

Kyrkja har, spesielt sidan 2008, arbeidd aktivt for å planlegge kyrkja:

- vore med i prosessen for å få ein sentrumsplan for Frekhaug, der kyrkje/kulturbyggomt vart plassert
- arbeidd aktivt med å finne modellar for finansiering, arbeidskyrkjer, kyrkje/kulturbygg
- utarbeidd behovsanalyse

- ein arkitekt har utarbeidd eit mulighetsstudie, dels på dugnad, for å vise kva sentrumsarealet og kyrkje/kulturbyggmodellen kunne gje
- samarbeidd i kommunale komitear for arbeidskyrkje/kulturbygg og lagt saka fram for formannskap og kommunestyre fleire gonger.

Alver kommune og Alver kyrkjelege fellesråd frå 2020.


Alver kyrkjelege fellesråd som organisasjon vert også oppretta frå 01.01.2020, som ei følge av kommunesamanslåinga. Parallelt med fellesrådssamanslåinga som foregår no mellom Radøy sokn (fellesråd i eittsokns-kommune), Meland sokn (fellesråd i eitt soknskommune) og Lindås kyrkjelege fellesråd, held også følgjande sokn i Lindås på med ei samanslåing: Lindås, Myking og Hundvin sokn blir samanslått til Lindås sokn og Lygra, Seim og Alversund sokn blir samanslått til Knarvik sokn frå 01.01.2020. I det nye Alver kyrkjelege fellesråd blir det då 5 sokn tilsaman: Radøy, Meland, Lindås, Knarvik og Osterfjorden.

Eit kyrkjeleg fellesråd er eit organ som opptre på vegne av sokna. Viktige oppgåver er å vere arbeidsgjevar, forvaltar av bygg og anlegg og ha kontakt med kommunen som viktigaste økonomiske bidragsytar, etter kyrkelova § 15.

Frå 2020 blir difor Alver kyrkjelege fellesråd viktigaste samarbeidsorgan for kommunen også i denne kyrkjebyggingssaka.

Kyrkjebyggstrukturen i det nye fellesrådet er sterkt prega av tidlegare tider sin folkesetnad og ferdslestruktur, til dømes med ei relativt stor kyrkje på Lygra, som no har rundt 300 medlemmer i Den norske kyrkja. Til samanlikning er det berre ei kyrkje i Meland kommune med ca 6300 kyrkjemedlemmer. Bakgrunnen for dette er ikkje minst at nordre delen av kommunen sokna til den store Herdla kyrkje fram til førre kommunesamanslåing på 60-talet. I tillegg har folkeveksten i søre del av Meland, spesielt på og rundt Frekhaug vore formidabel. Knarvik/Alversund-området som også har hatt stor folkevekst, har fått ei ny og etterlengta kyrkje i Knarvik, og det er lett å sjå at kyrkja fylte eit vakum, sidan aktiviteten har vokse betydeleg på dei få åra ho har stått ferdig.

Sokn i 2020	Kyrkjer	Medlemstal
Radøy sokn	3	4067
Meland sokn	1	6259
Knarvik sokn (2020)	4	6406
Lindås sokn (2020)	3	3269
Osterfjorden sokn	3	2604
		22605



Eit annan forhold som også forsterkar misforholdet mellom Meland og dei andre i kyrkjestrukturen, er at alle dei andre sokna har kyrkjer i sentrum av dei tettaste bustadområda i dei eksisterande kommunane: Manger, Alversund, Knarvik, Hjelmås, Ostereidet og Lindås. Meland kommunestyre vert utfordra til å sjå interessene for Melands-folket i å få eit tilsvarande strategisk plassert kyrkjebygg. Ei arbeidskyrkje, som fins i Ostereidet og Knarvik gir spesielt gode moglegheiter for svært varierte aktivitetar, langt utover det ein tenker skjer i eit tradisjonelt kyrkjebygg.

Intensjonsavtalen for kommunesamanslåinga peiker på at det skal vere likeverdige tenester i heile kommunen og at innbyggjarane skal motta desentraliserte tenester. Det står også at den nye kommunen skal vera ein god oppvekst-, barne- og ungdomskommune. Kommunen tek seg spesielt av det som skjer i barnehage- og skuletida, men kyrkja vil minne kommunen på at gjennom å gje gode rammer for den kyrkjelege aktiviteten i alle delar av kommunen, vil ein også bygge opp eit fritidstilbod for alle aldersgrupper, som er viktig førebyggjande arbeid. Alt dette peiker på at det er eit heilt rett strategisk grep for kommunen å bidra til at det vert bygd ei arbeidskyrkje på Frekhaug.

Frekhaug er det tettast folkesette området i heile den nye kommunen*, det gir store behov for førebyggjande arbeid (*Kjelde: SSB. «Tettsteder. Folkemengde og areal, etter kommune. 1.januar 2018» der Frekhaug har 2064 innbyggjar pr km², 1641 i Knarvik og 1368 i Lindås).

Det er difor avgjerande viktig for Meland sine noverande politikarar å tenke over kva ein kan gjere - før samanslåinga - for at Frekhaug skal bli eit endå meir levande sentrum som får ei positiv utvikling framover.

Tomt no - viktig for Meland kyrkjelyd og for Meland kommune sine innbyggjarar

Meland sokneråd har i alle år vore lojal mot kommunen sine framlegg til tomt for ei arbeidskyrkje. I svært mange år har det vore det såkalla sentrumsarealet (sjå over) som har vorte planlagt som tomt. Soknerådet valte også å vere positiv til rådmannen sitt framlegg i 2018 om å legge kyrkjetomta til Langelandskogen/Frekhaug nord. Bakgrunnen var at kommunen ikkje hadde kome fram til ei løysing i forhandlingar med tomteeigar for sentrumsarealet og meinte ein ekspropriasjonsprosess ville ta lang tid og bli svært kostbar. Og det vart sagt at tomta i Langelandskogen/Frekhaug nord både skulle bli rimeligare og kunne vere fastsett og klar til planlegging frå sommaren 2019. Dette viser seg, både av grunnar som rekkefølgekrev og grunnforhold med meir å ikkje halde stikk. Når ein no må rekne

med at tomtegrunn i Langelandskogen ikkje er klar til planlegging før om fleire år vil det verte ei uheldig utsetjing der kyrkjelyden lett vil kunne miste mykje av det frivillige engasjementet. Ei tomt vil vere noko positivt og konkret å ha med seg frå Meland kommune etter mange års planlegging, og vil gjere det mykje lettare å vidareføre saka i nye Alver. Truleg ser også Meland kommunestyre behova til innbyggjarane i Meland kommune betre enn det nye Alver kommunestyre vil gjere, som får eit langt større område å ta vare på.

Ei konkret sentrumstomt er svært viktig for å kunne starte planlegging og eit stort motivasjonsarbeid for å samle inn pengar til prosjektet. Kyrkjelyden har heile tida rekna med å måtte yte ein stor eigendel, og ber om forståing for at det å reise pengar til eit stort prosjekt som dette krev noko konkret å vise fram.

Det vil også vere bra å kunne starte planlegging- og prosjekteringsarbeidet så snart som mogleg. Kyrkjelyden har no høve til å få frivillige medarbeidarar til å arbeide med store delar av prosjekteringa, men dei kan vi ikkje rekne med kan vente på dette i mange år.

Kyrkja er både ei offentleg verksemd, men også ein del av frivillig sektor. Frivillig sektor må arbeide på ein annan måte for å kunne nytte seg av frivillig innsats som dugnad og frivillige gåver.

Kyrkja vil meine, også utifrå erfaringar frå svært mange andre stader med arbeidskyrkjer, at ei ny kyrkje vil vere eit stort aktivum i Frekhaug sentrum. Og det første steget - å få på plass tomt - bør skje i 2019.

Intensjonsavtalen

Kommunen si forplikting i framlegget til intensjonsavtale er at kommunen skal bidra til å skaffe tomt så snart som mogleg. Men kommunen forpliktar seg dermed ikkje til å godkjenne ein framtidig finansieringsplan. Kommunen tek ikkje på seg økonomiske forpliktingar meir enn det som ligg i budsjettvedtaket for 2019, kjøp av sentrumsareal. Så får den økonomiske situasjonen og den politiske viljen i Alver kommune vise om det kan bli ei arbeidskyrkje i Frekhaug med betydeleg kommunal finansiering ein gong i framtida.

Med helsing

Regine Sagstad Berg
soknerådsleiar

Anne Sofie Nergård Uthaug

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Meland kommune

Postboks 79

5906 FREKHAUG